

Sandøy kommune

Møteprotokoll

Utval: Viltnemnda
Møtestad: Kommunestyresalen, Sandøy rådhus
Dato: 22.02.2011
Tid: 10:00

Desse møtte

Kjell Faksvåg - leiar
Frode Brunvoll
Trude Rikenberg
Tor Atle Myklebust

Forfall

Varamedlemmar som Møtte for
møtte:

Frå administrasjonen Stilling
møtte:
John-Ole Aarsæther konsulent / sekretær for viltnemnda

Kjell Faksvåg *Frode Brunvoll*
Tor Atle Myklebust *Trude Rikenberg*

Saksnr	Innhold
PS 11/1	Felling av skadegås 2011

PS 11/1 Felling av skadegås 2011

Framlegg til vedtak:

Viltnemnda i Sandøy vel å imøtekome søknadar om felling av skadegås i henhold til desse punkta.

Det er berre gardbrukarar/bønder som lid økonomisk tap, som kan søkje om løyve til å felle skadegås.

Søknaden skal gjerast på særskilt skjema som får i kommunen sitt Sørvistorg, eller ved nedlasting på kommunen si heimeside www.sandoy.kommune.no

Grunneigar som ved avkryssing oppfyller alle vilkår sett i h.h.t. søknadsskjema får løyve på staden ved frammøte på Sørvistorget. Søknaden skal vere signert.

Tidsperiode: frå 15.03.11 – t.o.m. 25.07.11, unntatt søn- og heilagdaggar.

Tidsperiode: Heile døgnet.

Bruk av kunstig lys og motorisert køyrety/farty er ikkje tillatt brukt under skadefelling.

Skadefugl kan berre fellast på **driven innmark**.

Tal på fugl som kan fellast: Det kan fellast inntil 10 – ti – gress pr. løyve. Det skal gjevast tilbakemelding til kommunen på tal skadegås skoten i perioden, jfr pkt. 11b og pkt 5 i retningslinene for felling av vilt som gjer skade. Rapport på felling skal leverast kommunen snarast. Også nullrapportar skal leverast kommunen seinast 26.07.11.

Nytt løyve vert innvilga omgåande ved rapportering til kommunen sitt Sørvistorg på særskilt skjema.

Felling av skadegås vert varsla med oppslag på offentleg stad og på kommunen si heimeside.

Saksprotokoll i Viltnemnda - 22.02.2011

Behandling:

Forslag sett fram i møtet:

I tillegg forbod mot felling av skadegås i tidsrommet 21. april (skjærtorsdag) til og med 25. april (2.påskedag)

Vedtak:

Samrøystes vedtak: Som framlegget med tilleggsforslaget sett fram i møtet.